

Meir positivt om Uskedalen i kveld

22.02.2011



Kristian Bringedal og Torfinn Myklebust arbeider med resultata av spørjeundersøkinga.

**Sist sommar vart spørjeundersøkinga frå 2009 om korleis  
båt- og feriegjestar likar seg og finn seg til rette i Uskedalen  
vidareført.**

**Det kom i 2009 fram mykje positivt om Sommarbygda Uskedalen.  
Svara som vart registrert i fjar stadfesta og forsterka dette.  
Dette blir opplyst i årsmeldinga som blir lagt fram  
på årsmøtet i Uskedalen Utvikling i Gamleskulen ikveld.  
Møtet startar klokka 19.30.**

Torfinn Myklebust, Kjell Yri, Ola Matti Mathisen, Gunn Mari Moberg og Kristian Bringedal har vore med i ei arbeidsgruppe som mellom anna har teke seg av spørjeundersøkinga.

Det er halde fleire møter, mellom anna om Uskedalen som besøksmål og landskapspark og om den stadianalyesen som skal gjennomførast og som det vil bli løyvd kommunale midlar til.

For Dialogforumet er det utpeika ei ny arbeidsgruppe som består av Bjørn Olav Tveit, Bjarte Døssland, Sigurd Børve og Steinar Haugland.

I fjar vart det lagt vekt på desse profileringstiltaka:

- \* Prinfo Media sine to magasiner
- \* Kvinnheringen si sommaravis
- \* Fagbladet Klatring med ratikkel om Ulvanåso
- \* Plakat med presentasjon av Sommarbygda Uskedalen.
- \* Bruk av infohyller på SPAR og i sentrum
- \* Utdeling av infomateriell til båtgjester og andre.

Det vart gjennomført ei bygdevandring - i samband med amerikansk korbesøk.

Av andre tiltak kan nemnast sal av blader og bøker og flytting av piano til Gamleskulen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen